



Sveio kommune
Postboks 40
5559 SVEIO

Dato: 24.08.2015
Vår ref.: 2015/6046-6
Saksbehandlar: gunaust
Dykkar ref.:

Kommunedelplan for kulturminne - Sveio kommune 2015-2027

Vedlagt er saksframlegg og vedtak.

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Gunnbjørg Austrheim
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Riksantikvaren

Arkivnr: 2015/6046-4

Saksbehandlar: Gunnbjörg Austrheim, Elizabeth Warren og Inger Lena Gåsemyr

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet	135/15	20.08.2015

Kommunedelplan for kulturminne - Sveio kommune 2015-2027

Samandrag

Kommunedelplan for kulturminne 2015-2027, Sveio kommune er lagt ut på høyring i perioden 12. juni - 1. august 2015. Hordaland fylkeskommune har bedt om utsatt frist til 1. september slik at saka kan handsamast 20. august i kultur- og ressursutvalet i fylkeskommunen jf. e-post av 24.06.2015.

Kommunestyret vedtok å starte planarbeidet i 2012. Målsetjingane i planprogrammet var å få oversikt over kulturminne i kommunen og gjera ei vurdering av verneverdi. Ut frå dette er det utarbeidd ein forvaltingsplan og ein handlingsplan for lokale kulturminne. Det er lagt vekt på å få eit juridisk vern gjennom plan- og bygningslova for dei mest verdifulle kulturminna.

I 2012-2014 er det gjennomført ei omfattande nyregistrering av kulturminna i Sveio. Fleire lag- og organisasjonar og einskildpersonar har samla inn eit omfattande materiale og ca. 2500 ulike kulturminne i Sveio er skildra, fotografert og kartfesta. Dei aller fleste kulturminna i Sveio er relatert til landbruk og fiske og handverk og småindustri knytt til ressursar på eigen eigedom. Det har i liten grad vore storbønder og handelsmenn som har vore betre stilt enn andre og berre mindre tettstadar har vakse fram i kommunen.

Det er lagt vekt på å syne breidda i kulturminnetilfanget, slik at det speglar alle sider av historia. Kulturminne er delt inn i desse tema: arkeologiske kulturminne; kulturminne i landbruket sitt kulturlandskap; bruken av vassdraga; bruk av sjøen; kommunikasjon og samferdsle; kyrker og gravplassar; «Herskapshus»; teknisk/industrielle kulturminne; tettstader, handel og offentleg verksemd; organisasjonsliv og forsamlingshus; kulturminne knytt til segn, historier og personar; krigsminne og kulturminne frå etterkrigstida.

Planframlegget inneheld ein forvaltningsplan som er forankra i plan- og bygningslova. Her er det gitt generelle føresegner for handsaming av kulturminne i kommunen og det er definert 263 omsynssoner med meir spesifikke retningsliner for sakshandsaming. Omsynssoner er delt i to kategoriar basert på ei vurdering av alder, autentisitet, eigenverdi eller miljøverdi: Omsynssone A er særleg verdifulle kulturmiljø og kulturminne og omsynssone B er verneverdige kulturminne og kulturmiljø. Det er utarbeidd litt ulike retningsliner for omsynssone A og B. A-objekt vil bli prioritert ved tildeling av tilskotsmidlar og er føreslått fritatt frå eigedomsskatt. Handlingsplanen framhevar tiltak ved prioriterte kulturminne.

I prosjektet «Kulturminnekompetanse i kommunane 2013-2016» har Hordaland fylkeskommune etablert ei satsing på utarbeiding av lokale kulturminneplanar. Sveio kommune sin kulturminneplan vart starta før denne satsinga, men kommunen har delteke i prosjektet.

Etter fylkesrådmannen si vurdering vil kommunedelplanen for kulturminne i Sveio verte eit godt styringsdokument for kommunen. Den er ein juridisk bindande kommunedelplan etter plan- og bygningslova. Den gjev føreseielege rammar for forvaltning av lokale kulturminne og ikkje minst gjev den eit innblikk i den historiske utviklinga i kommunen gjennom kulturminne. Det vert og eit reiskap for å utvikle kulturminne som ressurs og praktisere vern gjennom bruk. Administrasjonen i Hordaland fylkeskommune står til rådvelde for kommunen i oppfølginga. Med sine rike kulturminne er det positivt at kommunen har ein dekkande kulturminneplan som legg gode føringar for arbeidet vidare.

Forslag til vedtak

1. Kommunedelplan for kulturminne 2015-2027 i Sveio er forankra i kommunen si verksemd og i plan- og bygningslova. Planen står fram som ein godt gjennomarbeida og framtidsretta plan, eit godt døme for andre kommunar.
2. Hordaland fylkeskommune rår til at kommunen berre nyttar eit nivå av omsynssone for nyare tids kulturminne slik at det er i samsvar med plan- og bygningslova. Ved å nytte dei generelle føresegner kan ein sikre nokre einskilde kulturminne som no er plassert i verneklasse B.
3. Handlingsplanen har gode tiltak som svarer på aktuelle utfordringar i Sveio kommune.
4. Hordaland fylkeskommune rår kommunen til å setje av eigne budsjettmidlar og utvikle lokale tilskotsordningar for kulturminne.
5. Tiltak i handlingsplanen for skattefritak for prioriterte kulturminne kan vera ein god måte for kommunen å stø opp om lokalt kulturminnevern.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 20.08.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kommunedelplan for kulturminne 2015-2027 i Sveio er forankra i kommunen si verksemd og i plan- og bygningslova. Planen står fram som ein godt gjennomarbeida og framtidsretta plan, eit godt døme for andre kommunar.
2. Hordaland fylkeskommune rår til at kommunen berre nyttar eit nivå av omsynssone for nyare tids kulturminne slik at det er i samsvar med plan- og bygningslova. Ved å nytte dei generelle føresegner kan ein sikre nokre einskilde kulturminne som no er plassert i verneklasse B.
3. Handlingsplanen har gode tiltak som svarer på aktuelle utfordringar i Sveio kommune.
4. Hordaland fylkeskommune rår kommunen til å setje av eigne budsjettmidlar og utvikle lokale tilskotsordningar for kulturminne.
5. Tiltak i handlingsplanen for skattefritak for prioriterte kulturminne kan vera ein god måte for kommunen å stø opp om lokalt kulturminnevern.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Oversendingsbrev
- 2 Høyringsutkast kommunedelplan for kulturminne
- 3 Vedlegg 1-6 kommunedelplan for kulturminne
- 4 Handlingsplan

Fylkesrådmannen, 05.08.2015

Bakgrunn for saka

Sveio kommune har ei rik kulturhistorie og viktige kulturminne frå mange ulike tidsperiodar. 2012- Planen må sjåast i samanheng med kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel. Planperioden for temaplan for kulturminne i Sveio er 12 år frå 2015 til 2027. Handlingsplanen skal rullerast kvart år. Til grunn for høyringsforslaget ligg eit omfangsrikt grunnlagsmateriale basert på omfattande innsamling av kulturminne-data.

Kulturminnekompetanse i kommunane 2013-2016

Hordaland fylkeskommune har sett i gong prosjektet «Kulturminnekompetanse i kommunane 2013-2016», jf. vedtak i fylkesutvalet 30. januar 2014, PS 14/2014. Prosjektet legg til rette for betre samarbeid med kommunane og ei felles satsing på kunnskap og kompetanse. Ein viktig del av prosjektet er utarbeiding av kulturminneplanar i alle kommunar. Ein kulturminneplan skal avklare to hovudspørsmål: A. kva kulturminne finst i kommunen, og B. korleis tek ein vare på dei. Gjennom ein plan kan kommunane sjølv prioritere og ta stilling til innretninga av lokalt bevaringsarbeid, korleis ein kan nytte kulturminne som ressursar i stad-utviklinga og korleis dei kan integrerast i andre planar. Kulturminneplanlegging gjev eit meir føreseieleg kulturminnevern og gjev også meir føreseielege rammer for ny utvikling i kommunen. Fylkesutvalet har vedteke at alle kommunar bør ha planar som legg tydelege føringar for kulturminneforvaltninga.

Fylkesrådmannen si vurdering:

Sveio kommune har mange verdifulle kulturminne og –landskap. Det er difor svært positivt at kommunen har gjennomført planarbeidet. Fylkesrådmannen si vurdering er at planarbeidet er godt gjennomført og i tråd med dei lokale utfordringane på kulturminnefeltet i Sveio og den regionale satsinga i Hordaland.

Høyringsutkastet er ein kommunedelplan for kulturminne og byggjer på dokumentasjon av kulturminne, gjev prinsipielle føringar for kommunal forvaltning og gjev forslag til tiltak i planperioden. Som ein kommunedelplan har det vore sett krav til prosess, medverknad og politisk handsaming. Dette gjev ei sterk lokal forankring når planvedtak er gjort, og dette er ein stor føremon for kulturminneplanen. Planen står fram som ein godt gjennomarbeida og framtidsretta plan, eit godt føredøme.

Forslag til vedtak:

Kommunedelplan for kulturminne 2015-2027 i Sveio er forankra i plan- og bygningslova og vil gje føreseielege rammer for forvaltning av kulturminna og vidare utvikling i kommunen. Planen står fram som ein godt gjennomarbeida og framtidsretta plan og vil vere eit godt føredøme for andre kommunar.

1. PLANFRAMLEGGET

Planen har ein tydeleg struktur. Sveio kommune har mål om å sikre eit representativt utval av kulturminna som kan gje eit bilete av Sveio si historie for ettertida. Planen skal sikre dette både ved å vere eit verkty for den kommunale kulturminneforvaltninga, og ved å bidra til å fremje forståinga for kva verdi kulturminne har for vår felles historie og identitet.

- Del 1 tek for seg forankring, definisjonar og målsetjingar.
- Del 2 er temaplan og utgreier kulturminne og kulturmiljø i historisk og tematisk samanheng. Det gjev ei grundig innføring om kommunen i eit historisk perspektiv. Den historiske utviklinga kjem godt fram gjennom layouten.
- Del 3 er kalla verneplan og gjer greie for kulturminnetema, kategoriar og prioriteringar.
- Del 4 er forvaltingsplan som tek for seg korleis kulturminne vert forvalta gjennom lovverket.
- Del 5 er ein oversiktleg handlingsplan som både gjer greie for dei økonomiske rammene og innsats overfor eigarar av kulturminne, informasjon, bruk og formidling.

Vedlegga er ein viktig del av planen og skildrar og kartfestar dei prioriterte kulturminna i omsynsoner med føresegner og retningsliner.

Fylkesrådmannen si vurdering:

- Gjennom kartlegging av kulturminne har kommunen synleggjort særpreg og mangfald av kulturminne i kommunen.
- Kommunen har stort potensiale for kunnskapsformidling og utviklingsprosjekt knytta til kulturminne.
- Sveio kommune skal i handlingsplanen jobbe med skattefritak for prioriterte kulturminne. Dette kan vere ein god måte for kommunen å stø opp om lokalt kulturminnevern.
- Grundige registreringar gjer at planen har gode føresetnader til å bli ein effektiv reiskap i det vidare arbeidet med kulturminne og -landskap.
- Hovudprinsipp med vedlikehald av kulturminne bør inkluderast i dei generelle føresegnene. Einskilde kulturminne kan og sikrast gjennom generelle føresegner.
- Arkeologiske kulturminne er viktige for forståinga av Sveio sitt historiske landskap.
- Det vert tilrådd at overskrifta på del 2, 3 og 4 vert omgjort til *tema* (del 2), *verdisetting og prioritering* (del 3) og *forvaltning av kulturminne* (del 4).
- Det vert tilrådd at tema omsynsoner med retningslinjer og generelle føresegner, som no ligg under vedlegg, vert løfta fram til del 4 - *forvaltning av kulturminne*.
- Det er fylkesrådmannen sitt syn at med mindre endringar under tema *omsynssoner* vert planen eit særst tenleg og godt styringsdokument for forvaltning av kommunen sine kulturminne.

Forslag til vedtak:

Hordaland fylkeskommune rår til at kommunen berre nyttar eit nivå av omsynssone for nyare tids kulturminne, slik at det vert samsvar med plan- og bygningslova. Ved å nytte dei generelle føresegner kan ein sikre nokre ein-skilde kulturminne som no er plassert i verneklasse B.

2. HANDLINGSPLAN – framlegg til mål og tiltak:

Handlingsplanen gjer greie for økonomiske rammer og prioriterte tiltak. Planen er delt opp i fire tematiske bolkar:

- 1: *Innsats overfor eigarar av kulturminne.*
- 2: *Bruk og formidling.*
- 3: *Tiltak*
- 4: *Konsekvensar*

Fylkesrådmannen si vurdering:

Fylkesrådmannen finn at handlingsplanen gjev gode svar på aktuelle utfordringar i Sveio kommune.

Planen legg opp til mange gode tiltak, mellom anna bruk av digitale verktøy for å gjere kunnskapen om kulturminna lettare tilgjengelege for innbyggjarane. Fylkesrådmannen vil særleg vise til tiltak med kartfesting og innlegging av data i Askeladden, den nasjonale kulturminnedatabasen, der ein får samla dei kommunale

prioriteringane i eit system som og viser andre kulturminneverdiar. Riksantikvaren har gitt kommunane tilgang til Askeladden, og det er venta at kommunane legg inn og forvaltar lokalt prioriterte kulturminne.

Sveio har som mål å gjera den eldste delen av historia meir kjend. Sidan tilrettelegging, skjøtsel og formidling heng saman, er det bra at planframlegget prioriterer tiltak på utvalde kulturminne i planperioden.

Dei automatisk freda kulturminna som kommunen har prioritert tidlegare for skilting og som er med på BARK si liste hjå fylkeskommunen: Bygdeborg på Børshovde (id 106039), bautastein Istertveit (ID 106073), gravrøyser på Røysanes, Tittelsnes, (ID 106029 og 106018), gravfelt på Eilerås (ID 106009) og Hellarbuplass på Fjon, (ID102236, 112163).

Fylkesrådmannen merkar seg at kommunen ynskjer å gje skattefritak for prioriterte kulturminne i handlingsplanen. Dette kan vera ei god måte for kommunen å stø opp om lokalt kulturminnevern.

Handlingsplanen har ei rekke gode tiltak, og mange av dei skal styrke det tradisjonelle bygningsvernet, mellom anna ved kompetanseheving. Tiltaka vil ha effekt for små og store kulturminne. Tiltak med oppfølging og opplæring av private eigarar av kulturminne er viktig for enkelte kulturminne, men også for å etablera lokale kompetansemiljø.

Forslag til vedtak:

Handlingsplanen har gode tiltak som svarer på aktuelle utfordringar i Sveio kommune.

Hordaland fylkeskommune rår kommunen til å setje av eigne budsjettmidlar og utvikle lokale tilskotsordningar for kulturminne.

Tiltak i handlingsplan for skattefritak for prioriterte kulturminne kan vere ein god måte for kommunen å stø opp om lokal kulturminnevern.